

**Fra:** helge@fimland.net  
**Sendt:** onsdag 7. april 2021 17:12  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Sak 20/18082 - 21/16235  
**Vedlegg:** Slippskinner fjerna og ny grunnmur støypt .jpg; Bilde 2015.JPG

Hei,

Viser til sak 20/18082 - 21/16235 og vil med dette koma med innspel ifm denne saka.

Det kan ikkje herske tvil om at det har vært ein slipp her tilbake til 1960 talet. Denne slippet låg her til 2009, då grunneigar 40/2 Jorunn Sjønnesen Hodneland reiv naustet sitt ner til grunnen. Dette naustet sto på pålar ut i sjøen og ifm at dei murte opp nye grunnmurar og kaiar ut i sjøen, ***fjerna dei vår slipp og utvida grunnmuren inn i skråplanet***. Dette arbeidet vart stoppa av oss eigarar av slippet: Magnar Skauge 40/100 og Helge Fimland 40/96.

Sjå vedlagte bilde som viser skinnene til høgre og nausttiltaket til venstre. Etter vårt syn, er heile naust prosjektet eit ulovligt tiltak i strandsona !

Når grunneigar går laus på vår slipp og river den, er vel dette definert som hærverk.

Men me har eit spørsmål til Kommunen: Er ikkje denne rivingen av slippet som grunneigar gjorde, søknadspliktig også? Dette må vel i høgste grad være ulovlig tiltak i strandsona !

Dersom Kommunen finner dette som søknadspliktig tiltak, vil det ikkje da være naturleg at Kommunen påleggjer grunneigar 40/2 Jorunn Sjønnesen Hodneland å søkje om re-etablering av våras slipp?

Helsing

Magnar Skauge 40/100 og Helge Fimland 40/96